



- Velkommen til skulen, seier rektor Vidar Haugland som sit til venstre. (Foto: Ola Matti Mathisen).

- Det er ei god klasse, den er passeleg stor, sa rektor Vidar Haugland då han onsdag leia ei fin innskrivingsstund for 12 nye elevar ved Uskedalen Oppvekstsenter. Dei er fødte i 2001 og skal byrja i skulen til hausten 2007.

- Det plar dukka opp nokon som vi ikkje veit om, sa rektor. Det gjorde det ikkje denne gongen. Men talet kan sjølvstendig endra seg fram til skulestarten. Dei nye førsteklasingane har ikkje noko dramatisk og skræmmande møte med skulen no til dags. Dei er godt "drilla" i barnehagen og får difor ein naturleg overgang til ei ny rolle. Difor vara det heller ikkje mange minutta før dei var husvarme i førsteklasserommet.

Der tente rektor eit ljøs for kvar av dei etter å ha trukke namna opp av ei lita kiste.

Så las lærar Odd Steinar Arnesen, som har tredjeklassa dette året, eit eventyr frå Ghana om ørna som ikkje kunne flyga. Då var ungene nesten musestille.

Siste del av innskrivingsstunda gjekk med til utfylling av skjema ved foreldra og teikning av den første teikninga ved ungene.

- Dette har vore sin stor dag, sa uskedalen.no til ei mor.

- Jau, men det blir ein enda større dag neste år, var svaret.

Desse skal starte i første klasse hausten 2007: Harald Lekva Myklebust, Sunniva Ersland Myklebust, Stine Soldal, Tina Bakke Eik, Sindre Ullebust Feet, Anna Zofia Fonn, Ingeborg Huse Bjørnebole, Sander Seim Myklebust, Emilie Bringedal, Simon Taranger, Jaran Jensen Eide og Mia Storevik Myklebust.

Av Ola Matti Mathisen



Rektor tente eit ljøs for kvar av dei nye elevane. (Foto: Ola Matti Mathisen).